

Grunneigarane må løyse utfordringane som for stor hjortestamme skapar

Vestland Bondelag, Anders Felde

17.03.2022

Kva seier eg noko om

- Utviklinga i hjortestamma
- Konsekvensar for den aktive bonden
- Organiserer vi oss godt nok ?
- Treng vi større handlingsrom i avskytinga ?



Frå testfelt i Sunnfjord attende til 2011 – no er dette normalen mange stader


Hjortebestand som veks trass i mål om reduksjon i mange kommunar og stadig fleire felte hjort

Konflikt med våre aktivitetar

- Grasdyrking
- Skogbruk
- Trafikkulukker

Påverkar økosystema


Fellingstal for hjort og elg frå 1915 t.o.m. jaktåret 2020.



Kilde: Elgjakt og Hjortejakt, Statistisk sentralbyrå.

Hjortebestand som veks trass i mål om reduksjon i mange kommunar og stadig fleire felte hjort

Utvikling i slakteveker



Utvikling slaktevekt 1,5 år gamle hanndyr (blå) og hodyr (orange) i Møre og Romsdal. Kjelde: Nibio

Konsekvensar for landbruk med for stor bestand av hjort

INNMARK


- Avlingsnedgang grunna hjortebeiting – ofte 15-20 %
- Ved sterkt beitepress 20-30 % (i blant meir)
- Hjortebeiting fører til tidlegare aldring av enga, grasartar som gjev god yting (særleg timotei) går ut – villgrasartar og ugras kjem inn
- Fornyng av eng med godt resultat vert vanskeleg

SKOG

1. Skadepresset av hjort i plantefelt og ungskog er så stort at skogetablering med tilfredsstillande resultat er vanskeleg
2. Skogeigar vurderer det som risikofyllt og lite interessant økonomisk
3. Barkgnag i hogstklasse 3 og 4 på gran kan medføra monalege tap

Skadeverknad av hjortebeiting på innmark og skog er og ei samfunnsøkonomisk utfordring

Avlingsreduksjon av hjortebeiting på ung eng i høgdesone 350-400 m.o.h. i fire engår. Tre lokalitetar. Verdi pr Fem tapt grovfôr er sett tilnærma kraftfôrpris kr 4,00. Etter Øpstad, Thorvaldsen og Arstein 2021.



Kostnaden med ein for stor hjortebestand er uholdbar for den aktive bonden og skogeigaren

- Interessesmotsetnader skapar konflikt mellom den aktive bonden som vil dyrke gras av høg kvalitet og den jaktande passive grunneigaren

Forskrift om forvaltning av hjortevilt §1:

- *Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. **Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.***

Nyttar vi grunneigarar handlingsrommet vi har godt nok

- Etableringa av storvald gir oss moglegheiter grunneigar og jeger ikkje nyttar !
 - Det er ikkje MIN hjort, det er VÅR hjortestamme
 - Meir flytting av «dyr» internt i kvart jaktfelt og kvart storvald
 - Er det mogleg å flytte jeger frå anna jaktfelt til der dyra er ?
- Kunne vi laga møteplassar der vi «fremmar» eit betre samarbeid på tvers av jaktfelt – storvald og bestandsområde ?
- Samarbeid vil redusere utfordringane hos dei som har mest skade !
- **LEGG TIL RETTE FOR UNGE NYE JEGERAR**



Del av løysinga – utvide verktøykassen – fleire tiltak

- Faggrunnlaget for hjorteforvaltning er langt betre enn tidlegare
- Kommunane har etter kvart god kunnskap og kompetanse på å forvalte hjorten saman med grunneigarane. MEN kommunane sin verktøykasse er åttå verte tom. Ekstraløyve, skadeløyve og reduksjon i arealkravet er alle aktivt i bruk. VI treng fleire verktøy !
- Trass i mål om å redusere hjortebestanden i dei aller fleste kommunar på Vestlandet klarar vi ikkje å nå måla. Bestanden veks. Dette skjer samstundes som tal felte hjort når rekord år etter år.
- Gleder og byrder med hjorten er svært ulikt fordelt. Interessesmotsetnader er grunnlag for konflikt. Mindretalet taparen. Det er ofte den aktive, dyktige bonden som produserer gras av høg kvalitet til husdyra på sine areal.
- **Vekst i bestand må stoppe og reduksjon må skje. Det må fellast mange fleire hjort totalt og fleire hjort i kategori kalv/ungdyr og vaksne koller**

Fri skyting av kalv og ungdyr

- Alltid å kunne felle kalv/ungdyr (<1,5 år) uavhengig av kvote
- Konfliktdemping – tillegg til ordinær kvote – grunneigar felle på sin eigedom
- Effektivisere jakta
- Auke uttaket frå bestanden utan at dette får store konsekvensar for strukturen i hjortestammen
- Auke uttaket frå bestanden utan at dette får negative konsekvensar for kjønns- og alderssamansettinga
- «Det verste som kan skje er at det vert færre hjort»



*Øvt: Vårkveld i Viksdalen (dagen etter gylling), Sunnfjord kommune
Nede: Kalv skoten på innmark i januar 2022 (utvida jakttid) i Årdal kommune*

